



Forholdet mellom gammel og ny rett i norsk og islandsk lov i mellomalderen

The Relationship between Old and New Justice in Norwegian and Icelandic Laws in the Middle Ages

Else Mundal

Professor emerita i norrøn filologi, Universitetet i Bergen

Cand.philol. 1971

else.mundal@uib.no

Samandrag

Emnet for artikkelen er forholdet mellom gammel og ny rett i norske og islandske lover i mellomalderen. Av islandske lover går det klart fram av teksten Lögrétuþáttur at gammel lov galdt etter at ny lov var innført, så sant gammel lov ikkje var i konflikt med den nye. I norske lover er dette ikkje like klart uttrykt, men i artikkelen er det peikt på detaljar i og forhold ved norske lover som kan indikere at slik retten vart praktisert i Noreg, følger han i hovudsak det same prinsippet som vi kjenner frå islandsk lov: Ny lov vart brukt saman med eldre lov. Dette har mellom anna dei konsekvensar for synet på den norske Landslova av 1274 at vi ikkje kan rekne med at det som var lov og rett etter 1274, berre var det som var skriftfest i Landslova. Den nye skriftlege lova kan ha fungert saman med eldre lover og tradisjon som danna eit bakteppe for den nye lova og saman med Landslova utgjorde den retten som galdt i landet.

Nøkkelord

Lögrétuþáttur, mellomalderlover, ny og gammel lov, munnleg og skriftleg lov

Abstract

The subject of the article is the relationship between old and new laws in Norway and Iceland in the Middle Ages. From the Icelandic legal text called Lögrétuþáttur we can clearly see that old laws remained in force after new laws had been passed if the old laws were not in conflict with the new ones. In Norwegian laws this is not clearly expressed. However, in the article the author points out some details in in Norwegian laws and conditions connected to these laws which may indicate that legal practice in Norway in the main followed the same principle we know from Icelandic laws: new laws were used together with older laws. Among other things, this has consequences for the view of the Norwegian Code of the Realm from 1274 that we cannot take for granted that after 1274 the law consisted only of what was written in this law. The new written law functioned together with older laws and legal tradition which formed a backdrop for the new law and together with the Code of the Realm constituted the law and legal practice that were in force in the country.

Keywords

Lögrétuþáttur, medieval laws, new and old laws, oral and written laws

Spørsmålet som vert drøfta i denne artikkelen, er kva status gammal rett hadde i mellomalderen etter at nyare lover hadde kome til. Var det då heilt klart at det berre var ny lov som galdt, det vil seie det som uttrykkjeleg stod i den nye lova? Eller var gammal lov framleis lov dersom gammal lov ikkje var i konflikt med ny lov? Om det var konflikt, kan det tenkjast at ny lov måtte «konkurrere» med gammal lov, og at forkjemparane for gammal lov, i alle fall av og til, kunne vinne fram i rettssystemet? Dette er spørsmål som er svært viktige for å forstå rettskulturen i mellomalderen, men samstundes er dette eit tema som tidlegare kan ha vore nemnt i forbifarten, men som ikkje eksplisitt har vore diskutert i etablert forskning.

Korleis forholdet mellom gammal og ny rett var i mellomalderen, er det neppe mogeleg å gje heilt sikre svar på. Målet med denne artikkelen er å diskutere forhold ved sjølve lovene og formuleringar i lovene som kan vere med på å kaste lys over denne problematikken. Det er også mogeleg at praksis på dette området, det vil seie i kva grad ny og gammal lov vart brukte saman, kan ha variert både med tid og stad, og at førestillinga om kva som var «rett lov», har vore meir fleksibel innanfor éin kultur enn innanfor ein annan.

Innanfor prosjektet «Social Governance Through Legislation» har fokus i særleg grad vore retta mot den norske Landslova frå 1274. Kva status dei eldre lovene i landet hadde etter at Landslova var vedteken, er her sett inn i ein kontekst som ser forholdet mellom gammal og ny lov også i lys av islandske lover og dei norske landskapslovene. Dei islandske lovene er dregne inn i diskusjonen fordi desse på nokre punkt gjev eit noko klarare bilete enn norske kjelder av korleis forholdet var mellom gammal og ny lov. Spørsmålet er om det i det norske lov materialet finst indikasjonar på at islendingar og nordmenn har gjort seg dei same tankar om dette spørsmålet.

Lögréttupátttr, ein islandsk nøkkeltekst

Om ein startar med eit sideblikk til Island, som hadde ein rettskultur som stod den norske rettskulturen nær sjølv om det fanst ulikskapar, så møter vi i den såkalla Lögréttupátttr¹ nokre interessante formuleringar som kastar lys både over førestillinga av kva som er «rett lov», og over forholdet mellom ny og gammal lov – slik islendingane såg det:

Det er vidare slik at det skal vere lov her i landet som er skrive ned. Men om det er ulikskapar mellom nedteikningane, då skal det gjelde som står i nedteikningane som biskopane eig. No er det likevel ulikskapar mellom deira nedteikningar, då er den teksten rett som seier lengst [fyldigast] frå med dei ord som folk meiner vedgår saka. Men om dei seier jamlangt frå og likevel ulikt, då er den teksten rett som er i Skálholt.²

Her ser vi at skriftleg lov er gjeven klar prioritet framfor munnlege sedvanelover. Dessutan ser vi at det finst klare førestillingar om at det finst lovtekst som er rett, og lovtekst som må vike om det kjem opp diskusjon om kva som er rett lov. Men sitatet frå Lögréttupátttr held fram med nokre tankar om forholdet mellom ny og gammal rett og om korleis ein skal gå fram om ein ikkje vert samde om kva som er gjeldande lov. Desse tankane opnar for at spørsmålet om rett lov er langt meir komplisert enn at rett lov finst i lov boka i Skálholt:

1. Teksten er overlevert i Konungsbók av Grágás (*Grágás* Ia: 213). Tilvisinga til lovutgåver i notane gjeld sidetal.
2. «Þat er oc at þat scolo lög vera alanðe her sem áscrám standa. En ef scrár scilr á oc scal þat hafa er stendr a scröm þeim er byscupar eigo. Nu scilr en þeirra scrár á. Þa scal sv hafa sitt mal er lengra segir þeim orðum er male scripta með monnum. En ef þær segia iafn langt oc þo sitt hvar. Þa scal su hafa sit mal er iscalaholli er.» Omsetjingane frá norrønt her og seinare er mine egne.

Det skal ein alt ha [som lov] som finst i den nedteikninga som Hafliði let gjere, så sant det ikkje har vore endra sidan, og berre det frå framseiinga til andre lovmenn som ikkje er i konflikt med dette, og ha alt [som lov] som manglar der [i lova] eller er klokare. No trettar folk om lovreglar, og då kan ein rydje lagretten³ til [å avgjere dette] om lova ikkje avgjer. Og såleis skal ein gå fram med dette at ein frå lovberget skal be alle godane og lovseiemannen at dei går i lagretten og i seta sine for å fastsetje denne lovregelen slik den skal vere heretter.⁴

Ari fróði fortel i *Íslendingabók*, kapittel 10, at dei islandske lovene vart skrivne ned på garden til Havliði Mársson vinteren 1117/18. Det går fram av teksten til Ari at nedskrivinga av dei munnlege lovene samstundes var ein gjennomgripande revisjon. Vi veit ikkje akkurat når teksten Lögréttupáttur vart skriven. Teksten reknar med at det kan ha kome til endringar i lovene etter at dei vart skrivne i Hafliðaskrá, som indikerer at det truleg har gått noko tid etter nedskrivinga. Men den «framseiinga til andre lovmenn» som skal vere lov så sant det ikkje er i strid med teksten i Hafliðaskrá – og det som har kome til seinare – må etter samanhengen å dømme vere slikt som fanst i dei eldre munnlege lovene, men ikkje vart teke med i den skriftlege lova frå 1117/18. Lovteksten presiserer til og med at alt som manglar i den skriftlege lova – og som ikkje er i strid med denne – skal ein ha som lov. Dette opnar for at ganske mykje av eldre lov framleis var gyldig lov sjølv om det ikkje stod i den nye skriftlege lova. Dessutan skal ein ha som lov det som er «klokare» enn det som står i den nye lova, noko som synest å opne for stor grad av skjønn. No er det ikkje einskildmennesket sitt private skjønn det er tale om her, men det kollektive skjønnet til dei som normalt avgjorde kva som skulle vere lov. Kven som avgjorde kva som var rett lov, går fram av det neste punktet i sitatet ovanfor. Denne lovtolkande instansen var sett saman av alle godane, lovseiemannen og lagretten.

Lögréttupáttur ser i utgangspunktet ut til å ha gjeve reglar for forholdet mellom den første islandske skriftlege lova, Hafliðaskrá, og dei eldre tidlegare munnlege lovene. Men dei prinsippa som er lagde til grunn for å kome fram til kva som skal vere rett lov i tilfelle tvil og når der var usemje, skulle også ha relevans for forholdet mellom nye og gamle skriftlege lover på Island.

Kan islandske forhold kaste lys over dei norske?

No kan ein ikkje utan vidare gå ut frå at forholdet mellom gammal og ny rett var det same i Noreg som på Island. Når vi kjem til den tida der kjeldene gjev oss relativt sikker kunnskap om korleis lover vart gjevne og vedtekne, var forholda på nokre måtar ulike i dei to landa. I Noreg fekk kongen eit stadig sterkare grep om lovgjevinga, og lagmannen, som opphavleg hadde same funksjon som den islandske lovseiemannen, hadde rundt 1200 gått over frå å vere bondesamfunnets lovkunnige mann til å vere kongens mann på tinget, og lagmannens orskurd (*órskurðr*), som opphavleg var lagmannens lovtolking og råd om rett lovbruk meint for tinglyden, gjekk over til å verte sett på som ein dom felt av kongens representant. Det faktum at kongen kjem sterkare og sterkare inn som ein part i lovgjevinga, gjer at spørs-

3. Verbet *ryðja* tyder i denne samanhengen å skyte ut ugilde lagrettemenn, t.d. lagrettemenn som hadde personlege interesser i ei bestemt tolking av lova.

4. «Þat skal alt hafa er finz a scrö þeirre er hafliðe let gera nema þocat se síþan. en þat eitt af anara lög manna fyrir sögn er eigi mæli því igeðgn. oc hafa alt er hitzug leifir eða glögra er. Nu þræta menn vm lögmál. Oc má þa ryðia logréttu til. ef eigi scera scrár ór. En sva skal at því fara at beiða með vatta goða alla at löggergi oc lögsogo man at þeir gange ilögréttu oc isetor sínar at greiða logmal þetta sva sem heþan fra scal vera.»

målet om kva som var rett lov, ikkje kunne avgjerast på same måten som på Island – som etter Lögréttuþattr å dømme hadde ein klar prosedyre for dette ganske tidleg. Spørsmålet om kva som var, og kva som skulle vere, rett lov, vart i Noreg truleg også meir komplisert av at lova ikkje berre endra seg over tid, men også frå eit geografisk område til eit anna. Når folk reiste mellom lagdøma, måtte dei ta omsyn til det faktum at «rett lov» ikkje var det same alle stader.

Men trass i at forholda på Island og i Noreg var ulike, og på mange område var det også betydelege skilnader mellom islandsk og norsk lov, så stod dei to kulturane likevel svært nær kvarandre. Vi har også grunn til å rekne med at islendingar og nordmenn kjende relativt godt kvarandre sine lover, prosedyrar kring vedtak av lover eller endringa av lover og heile den kulturen som overføring av kunnskap om lovene inngjekk i. Islendingar som oppheldt seg i Noreg, har skrivne av norske lover.⁵ Det finst også interessante detaljar i Járnsíða og Jónsbók, dei norske lovene for Island,⁶ som kan tyde på at dei inneheld lover som er meinte for islendingar i Noreg, som når lovene for Island nemner eplehagar og jakt på dyr som finst i Noreg, men ikkje på Island. Dersom slike innslag i lova har ei logisk forklaring, så er forklaringa mest truleg at islendingar var så ofte i Noreg at det kunne vere nyttig for dei å vite kva slags lover som galdt for norsk flora og fauna.

Korleis halde styr på mellomalderlover i endring?

For å forstå korleis menneska i det norrøne samfunnet tenkte om forholdet mellom ny og gammal lov, er det viktig å ta utgangspunkt i det faktum at før vi fekk dei skriftlege lovene som vi kjenner dei i overleverte lovmanuskript, fanst lovene berre som munnleg tradisjon. Både før og etter skriftfestinga var lovene i stadig endring på grunn av endringar i samfunnet og nye idear og impulsar utanfrå. Kristninga var ei hending som måtte føre til behov for nye lover som regulerte livet til dei kristne, og som forbaud heiden praksis, og påverknaden frå kanonisk rett heldt fram med å endre lovgjevinga lenge etter kristninga. Men også innanfor andre område skjedde det endringar som skapte behov for ny lov. Dei norske lovene om leidangen og landvernet er det rimeleg å forstå på bakgrunn av rikssamlinga, og oppkomsten av byar skapte behov for lover som regulerte livet og aktiviteten i dei nye tett folkesette områda.

Vi veit ein god del om dei prosedyrane som førte fram til nye lover. På Island i fristattida vart nye lover vedtekne av Alltinget. I islandske lovhandskrifter er nye lover i ein del tilfelle merkte ut som *nýmæli*, i nokre tilfelle går det også fram kven som står bak og har fått gjennom den nye lova; det er gjerne lovseiemenn eller biskopar.⁷ I Noreg vart nye lover vedtekne på lagtinga – Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting. Også i norske lover er

5. Sjå Hagland 1986: 224, som seier at lovbøker i Noreg heilt frå den eldste tida i «ganske stor grad» var produserte av islendingar. Sjå også Rindal & Spørck 2018: 51–52 med tilvisingar.

6. Járnsíða vart send til Island i 1271. Lova møtte mykje motstand, og dei siste delane av lova vart vedtekne på Alltinget først seinhausten 1273. Jónsbók vart send til Island i 1280, og vart vedteken på Alltinget året etter. Denne lova møtte også motstand, men mindre enn Járnsíða.

7. Konungsbók, kap. 18 (*Grágás* Ia: 36), opnar t.d. med å nemne eit *nýmæli* om fastedagar som var gjeve etter at Magnús Gizzurason hadde vorte biskop. Lovmanuskriptet AM 181 av *Grágás*, kap. 25 (*Grágás* III: 355), seier at biskop Þorlákr og biskop Ketill (biskopane på Island då lova vart skriven ned) i samarbeid med erkebiskop Ozzurr og Sæmundr fróði fastsette kristenretten. Konungsbók, kap. 108 (*Grágás* Ia: 184), nemner lov som var framsagd av Guðmundr (Guðmundr Þorgeirsson, lovseiemann 1123–1134). Andre lovkapittel med mange *nýmæli* er t.d. Staðarhólsbók, kap. 182, som også nemner lovseiemannen Markús (Markus Skeggjason, lovseiemann 1084–1107), som først sa fram ei lov som er med i handskriftet (*Grágás* II: 217–223).

nye lover i nokre tilfelle merkte ut som *nýmæli*, til dømes i overskrifter i Eldre Gulatingslov, kapittel 2 og 32.⁸ Her går det også fram kven som står bak desse nye lovene, nemleg kong Magnus Erlingsson, Erling jarl og erkebiskop Eystein. Også i norske lover går det nokre få stader fram at lagmennene, som i den eldste tida var bondesamfunnet sine representantar, var aktive i lovgjevinga. Eldre Gulatingslov, kapittel 314, nemner ein Atle som sa fram lova om landvernet for folket i Gulen,⁹ og Eldre Borgartings kristenrett III 4 nemner ein Basse som har laga lover som har stått ved lag sidan.¹⁰ Dette var truleg også ein lagmann. Det forholdet at kongen i Noreg stadig fekk større makt over lovgjevinga og i realiteten vart den som gav lover, og lagtinga vart meir eit sandpåstrøingsorgan, og at kongen dessutan kunne gje rettarbøter, rett nok – som det ofte er understreka i dei skriftlege rettarbøtene – etter bøn frå folket, førte til at prosedyrane for korleis lover vart gjevne, er noko ulike i Noreg og på Island i fristatstida. Men prosedyrane for lovgjevinga har vi eit relativt klart bilete av i begge landa.

Vi har eit langt mindre klart bilete av korleis lover vart oppheva. I Konungsbók av Grágás, kapittel 18, er uttrykket *taka af* brukt om å ta bort ei eldre lov.¹¹ Same uttrykket er brukt til dømes i Staðarhólsbók av Grágás, kapittel 78. Også den norske Gulatingslova brukar uttrykket *taka af* i overskrifta over kapittel 4: «Magnus toc þetta af». I denne lova er også uttrykket *taka ór* (ta or [lova]) brukt med same tyding (i overskrifta til kapittel 21).¹² Uttrykket *taka af* er også brukt både i innleiinga til Landslova og Bylova.¹³ Det er vanskeleg å seie om *taka af* eller *taka ór* står for ein seremoni eller prosedyre som oppheva gammal lov, men det er nærliggjande å tru at det må ha funnest prosedyrar for å oppheve lover. Vi har kjelder som viser at det har vore sett som viktig at rettarbøter og *nýmæli* vart gjort kjende for folket. I hertug Håkon Magnussons store rettarbot for Hedmark og Toten (1293) vert sysselmannen pålagd å lyse «lagabœtr eða nymæle» når han kom heim frå lagtinget.¹⁴ Konungsbók av Grágás, kapittel 18, inneheld ein regel om at dersom *nýmæli* ikkje vert sagde fram i tre år, så er dei *laus* (oppløyste, dvs. tekne bort).¹⁵ Kanskje fanst det krav om kunngjering når lover vart «tekne av», men det veit vi ikkje.

Tre fasar i lovgjevinga

Endringane som skjedde i det norrøne samfunnet frå den munnlege tida til kongen vart den eigentlege lovgjevaren i Noreg og Island i den same perioden gjekk i union med Noreg (1262/64), gjer det naturleg å dele inn denne perioden i fleire fasar når det gjeld korleis lover vart overleverte, sjølv om det finst glidande overgangar mellom fasane. Eg vil sjå den munnlege tida som den første fasen. Den andre fasen startar med nedskrivinga av lovene. Den tredje fasen startar med at heile lover vert lagde fram for tinget til godkjenning. Desse ulike fasane kan ha ført til visse endringar i korleis ein oppfatta forholdet mellom ny og gammal lov.

I den munnlege tida er det opplagt at ny lovgjeving skjedde som ein gradvis revisjon av eksisterande lover, og dei delane av lova som ikkje vart erstatta av ny lov, var framleis gjel-

8. *Norges gamle Love indtil 1387* (heretter NgL) I: 3 og 19.

9. NgL I: 104.

10. NgL I: 365.

11. *Grágás* Ia: 37.

12. NgL I: 5 og 21.

13. NgL II: 7 og 185.

14. NgL III: 21.

15. *Grágás* Ia: 37.

dande lov. Det må ha vore lagmannen i Noreg og lovseiemannen på Island si oppgåve å halde greie på kva som var gjeldande lov, og kva som var teke ut, eventuelt kva lover som ikkje lenger hadde relevans fordi samfunnet hadde endra seg. Lagmannen eller lovseiemannen skulle seie fram lova, og gamle lover som ikkje vart sagde fram, glei truleg stille og roleg inn i gløymsla så sant dei ikkje hadde forkjemparar som gjerne ville halde på dei. At kongen alt i denne perioden gav lover, påverka truleg berre i liten grad at det var lagmannen på tinget som var autoriteten for kva som var rett lov, for det var han som sa fram lova på tinget.

Med nedskrivinga av lovene vart situasjonen på ein måte meir komplisert. Med den skriftlege lova fekk lagmenn og lovseiemenn konkurransje av ein ny autoritet, det munnlege ordet fekk konkurransje av den skriftlege forma. Som påliteleg overleveringsmedium fekk skriftleg form truleg prioritet over munnleg form ganske raskt etter innføringa av skriftkulturen, men vi ser i lovene at autoriteten til ordet frå lovseiemannen i alle fall i ein overgangsfase stod minst like sterkt. I omtalen av den Atle som sa fram lova om landvernet for folket i Gulen i Eldre Gulatingslov, kapittel 314, går det fram av lovteksten at skrivaren ikkje kjenner seg heilt sikker på kva som er rett lov, men det er den lova som før har vore, og som Atle sa fram som skal gjelde. Her er det gjeve prioritet til tradisjonen og lovseiemannens ord.

I tillegg til at skriftkulturen innfører den skriftlege lova som ein ny autoritet, får vi også ein kompliserande faktor i at det ikkje berre fanst éi skriftleg lov. Lova vart mangfaldiggjort, og lovmanuskript vart spreidde rundt om i lagdømet. Desse handskriftene ville aldri vere heilt like sidan små utilsikta og kanskje større tilsikta endringar ville kome inn kvar gong eit manuskript vart kopiert. Medan ein i den munnlege tida hadde hatt lagmannen eller lovseiemannen på tinget som éin autoritet på kva som var rett lov, fekk ein no i tillegg ein ny desentralisert og delvis splitta autoritet i dei mange og litt ulike lovhandskriftene. Dette skapte ein ny situasjon. Det var for å løyse problem som følgde av at lovmanuskript fekk ulik tekst, at den islandske lova innførte regelen om at teksten i lovboka til biskopen i Skálhólt skulle vege tyngst, men som vi har sett, løyste det ikkje alle problem. Trette om kva som var rett lov, var eit problem som samfunnet trong prosedyrar for å løyse. Sannsynlegvis førte skriftkulturen med akkumuleringa av lovreglar til større uvisse om kva som var gjeldande lov, enn kva som hadde vore tilfelle i den munnlege kulturen. Det er nokre få gonger markert i lovene at ein lovregel ikkje lenger er gjeldande lov. Konungsbók av Grágás, kapittel 18, nemner at etter gammal lov skulle ein gje 10 eyrer til dei fattige om ein inngjekk ekteskap med ein firmenning, men no er det teke bort.¹⁶ Staðarhólsbók av Grágás, kapittel 78, nemner ei lovendring som gjeld kvinner som tidlegare ikkje fekk arv fordi dei hadde løynt at dei var med barn, loge om kven som var faren, eller hadde fått barn med ein mann dei var i for nær slekt med. Dei skal no få arv. Samstundes vert straffa for legord (samleie utanfor ekteskap) med uektefødd kvinne heva frå den mindre fredløyse til full fredløyse.¹⁷ Eldre Gulatingslov, kapittel 4 og 21, nemner i overskrifta at Magnus Erlingsson har fjerna lover som var gjevne av Olav den heilage, men opplysningar om fjerning av lover er så absolutt unntaket og ikkje regelen. Lovendringane i den andre fasen av overleveringa av lover skjer som stadige små, og nokre store, endringar i lova.¹⁸

Nye lover, *nýmæli*, kan først ha vore førte inn i margen på eksisterande handskrifter, eller ha eksistert som tillegg til lovboka, og ha vorte sette på plass i teksten når nye manuskript vart skrivne. Om lovreglar som ikkje lenger skulle gjelde, ikkje vart tekne ut ved neste av-

16. Grágás Ia: 37.

17. Grágás II: 101.

18. Den revideringa av Frostatingslova som fann stad rundt 1260, er eit godt døme på ei større lovendring. Dette var mest truleg nye lovreglar som vart vedtekne på tinget, ikkje ei ny lov.

skrivning av lovhandskriftet, eller vart markerte som forelda, kunne det gjere det vanskeleg å halde greie på kva som var rett lov.

Men det kunne også finnast fleire gode grunnar til å ta med i ei lovbok mest mogleg av det skrivaren, eller oppdragsgjevaren hans, kjende både av ny og gamal lov. Eit av dei islandske lovmanuskripta, Staðarhólsbók, som også er det lengste manuskriptet av Grágás, har vore tolka inn i ein noko spesiell samanheng, nemleg at det, saman med Járnsíða, skulle tene som grunnlag for diskusjonen av kva av gammal islandsk lov som skulle kome med i Jónsbók.¹⁹

Ein annan grunn til å inkludere mest mogleg av gammal lov, inkludert det skrivaren visste ikkje lenger var gjeldande lov, kunne vere antikvarisk interesse, eit ønske om å ta med gamle lover fordi dei var interessante kjelder til fortida. Skriftkulturen var konserverande i tillegg til å vere akkumulerande, og i fleire lovhandskrifter ser vi at skrivaren har skriva av etter fleire førelegg med den følgje at lova får lovreglar som heilt eller delvis overlappar.²⁰

Til ei viss grad var det også nødvendig å kjenne lover som ikkje lenger var gyldige, fordi nye lover ikkje hadde tilbakeverkande kraft. Om brotsverk som hadde skjedd for lenge sidan, kom opp til doms, så skulle dei dømast etter den lova som galdt då brotsverket fann stad. Dette er tydeleg fastslege i innleiinga til Landslova,²¹ men dette er også eit prinsipp i eldre lover, til dømes i Frostatingslova XIV-6, som seier om mottaking av arv at lova ikkje skal gjevast tilbakeverkande kraft.²²

Men den viktigaste grunnen til at dei skriftlege lovene kom til å akkumulere lovstoff, både lover som var gyldige, lovtekst som var oppheva av ny lov, og lovtekst som ikkje lenger var relevant, var truleg at skrivarane som skreiv av eldre lover, ikkje alltid hadde den lovkunnskapen som lagmenn og lovseiemenn hadde, og derfor tok med alt som fanst i eit førelegg, og gjerne supplerte frå andre manuskript, for sikkerheits skuld.

Frå vedtak av nye lovreglar til vedtak av ny lov

Akkumuleringa av gammal lov måtte føre til at det vart uoversiktleg kva som var rett og gyldig lov. Dette var neppe hovudgrunnen, men kanskje ei medverkande årsak, til at frå ein gong etter midten av 1200-talet får vi ein periode der heile, nye lover vert lagde fram på tinget

19. Járnsíða, som vart send til Island i 1271, følgjer rett etter Grágás-teksten i Staðarhólsbók. Truleg har det ikkje gått lang tid mellom at dei to lovtekstane vart skrivne. Om begge tekstane vart skrivne med tanke på å tene som eit grunnlag for Jónsbók, må handskriftet skriva seg frå 1270-åra. Arbeidet med Jónsbók føregjekk i Noreg, men at Staðarhólsbók har vore i Noreg, har ikkje vore hevda. Med diskusjonen kring ny lov har det vore tenkt på den diskusjonen som ville kome på Island før Jónsbók vart vedteken. Faktisk er ikkje Staðarhólsbók heilt fri for norvagsmar, t.d. er ordet *hreppr* (den minste administrative eininga på Island) ikkje så sjeldan skriva *reppr*. Dette er ein liten detalj, men svekkar ikkje teorien om at handskriftet var meint å brukast i ein samanheng der representantar for den norske kongen ville vere til stades. Teorien om at Staðarhólsbók av Grágás er ei lovsamling som skulle tene som eit diskusjonsgrunnlag ved å gje eit mest mogleg fullstendig bilete av eldre islandsk lov, er ikkje ny. I utgåva av Staðarhólsbók viser utgjevaren, Vilhjálmur Finsen, til P.A. Munch, Jón Sigurðsson og Konrad Maurer (Vilhjálmur Finsens utgåva av *Grágás* II 1879: viii–ix). Finsen sjølv meinte denne teorien ikkje var rett, og at handskriftet var eldre enn frå 1270-åra. Men teorien har aldri vore heilt forkasta i forskinga, og der finst argument i handskriftet for at det skriv seg frå tida etter unionen med Noreg i 1262–64. Handskriftet manglar lovreglar for tingordninga (som den var i fristattida), logsøgumanns þáttur (lovreglar for lovseiemannen), lögrettu þáttur (lovreglar for lagretten) og Baugatal (lovreglar for frendebøter). Den gamle tingordninga var ikkje lenger aktuell etter at Alltinget hadde vorte representasjonsting og lovseiemannen var skift ut med lagmannen, som var kongens representant. Dei gamle reglane for korleis ein skulle avgjere kva som var rett lov, måtte endrast etter at Island fekk ein konge, og frendebøter visste islendingane godt var avskaffa i Noreg. At akkurat desse delane av den gamle islandske fristatslova manglar, er eit sterkt argument for at handskriftet er frå åra etter 1262–64.

20. Konungsbók av Grágás har t.d. stor grad av overlapping i Festapáttur i lovreglar som gjeld legord og farskapssaker.

21. NgL II: 9.

22. NgL I: 250.

til vedtak. Det er denne perioden eg ovanfor har kalla den tredje fasen i lovgjevinga. Yngre Gulatingslov vart lagd fram for tinget og vedteken i 1267. Året etter vart Yngre Borgartingslov, som galdt både for Borgarting og Eidsivating, lagd fram for tinget og vedteken. Ei ny Frostatingslov vart lagd fram i 1269, men avvist av erkebiskop Jon Raude fordi han ikkje ville godkjenne ei lov som inneheldt ein kristenrett som var lagd fram av kongen. I 1274 vart Landslova lagd fram for tinget til vedtak. Det same vart Bylova to år seinare, og Hirdskråa vart vedteken om lag på same tid. Alle vart lagde fram til vedtak som heile lover. Spørsmålet er om denne nye fasen med vedtak av heile lover, og ikkje berre av *nýmæli*, endra forholdet mellom ny og gammal lov?

Det er for så vidt ein rimeleg tanke at når ei ny lov var lagd fram og vedteken, så var det som stod i denne lovteksten, korkje meir eller mindre, det som var gjeldande lov. Men det spørst om folk tenkte slik i mellomalderen. Når vi set lovene frå 1260-åra og utover inn i ein kontekst som omfattar tidlegare norske og islandske lover, så ser vi at lova tidlegare kunne vere meir enn det som var skrive inn i ein lovtekst. Når kongen og hans lov-kunnige menn bestemte kva som skulle inn i den skriftlege lova, så var ikkje målet nødvendigvis å få med alt, eller det aller meste, av det ein kunne tenkje seg at domarane, som skulle avgjere stridsspørsmål og dømme brotsverk, kunne tenkjast å få bruk for. Det som måtte med i ei lov som Landslova, var det som var nytt i forhold til eldre lover. Også lover som ikkje var heilt nye, men så nye at dei representerte idear og haldningar som enno ikkje hadde fått gjennomslag i samfunnet og var omstridde, måtte gjevast prioritet i den skriftlege lova. Lovreglar i Landslova som forbaud eller avgrensa hemnretten, var reglar av denne typen. Landslova var samansett av lovreglar frå fire landskapslover som kunne ha ulike reglar på mange felt. Der Landslova valde teksten frå éi lov framfor andre, var det også heilt nødvendig å ta denne teksten med i den skriftlege lova. Men kva med lover som hadde vore praktiserte lenge, og som det var liten strid om? Trong dei å verte skriftfeste i den nye lova?

Indikasjonar på at ny lov galdt saman med gammal lov

Går vi tilbake til Lögrétuþáttur og prinsippa for kva som kunne vere gjeldande lov, så kunne alt i gammal lov som ikkje var i konflikt med ny lov, vere å sjå som rett lov. Finst det sider ved Landslova, eller andre lover som vart gjevne i Noreg i perioden like før, som kan indikere at eit slikt prinsipp har vore kjent og følgt? Der er neppe éin enkelt ting i ei lov som gjev avgjerande prov på at den nye lova fungerte saman med alt i eldre lover som ikkje var i konflikt med den nye. Men der er, etter mitt syn, mange små detaljar i lovene frå kong Magnus Lagabøters tid som til saman gjev sterke indikasjonar på at det var slik. Ei omfattande drøfting av dette problemet er ikkje emne for ein kort artikkel. Her er målet å dra fram nokre forhold ved lovene og dømme som kan tyde på at ny lov var meint å brukast saman med eldre lover, og dermed ta opp ein diskusjon av dette viktige spørsmålet.

I innleiinga til Landslova seier kongen om ordlyden i eldre lover at «litz oss sem alluiða megi með fam orðom, fullan orskurð gera» («oss synest som ein på svært mange stader kunne gje fullgod meining med færre ord»), og han seier vidare om gammal lov at «hon talar aðr gœysi langt um» («ho talar før gyseleg langt om [eit emne]»).²³ Same formuleringa går nesten ordrett inn i kapittel 1 i Bylova.²⁴ I brevet frå kongen som innleiar Jónsbók, lova som vart send til Island i 1280, er det sagt det same.²⁵ Dei islandske fristatslovene kan av og til

23. NgL II: 8.

24. NgL II: 179.

25. Jónsbók: 1.

passe til kongens karakteristik når han seier om den gamle lova at «ho talar før gyseleg langt om [eit emne]». Dei eldre norske lovene er normalt ikkje like ordrike, men det er likevel rett at lovene frå Magnus Lagabøters tid gjennomgåande har ein lite ordrik stil, sjølv om det finst bolkar i lovene som er detaljerte og ordrike i Landslova også, til dømes landsleigebolken. Farane for at lova vart så kortfatta at informasjon kom bort, vart reduserte om detaljar fanst i eldre lover, for dei som hadde bruk for det. Den knappe forma vert lettare å forstå dersom meininga var at Landslova skulle brukast saman med eldre lover så sant dei ikkje var i konflikt med den nye lova. Dette er berre ein liten detalj, men det er ein detalj som passar med at ny lov vart brukt saman med eldre lover – og kanskje saman med sedvane som ikkje var skriftfest.

Dei sterkaste indisia på at ny lov er brukt saman med eldre lov, har vi der ny lov har formuleringar som synest å vise til lovreglar i ei eldre lov som gyldige. Dette finst det døme på frå tida til kong Magnus Lagabøter. I Járnsíða, den første norske lovboka for Island, som vart send til Island i 1271, finst det fleire døme på dette. I Járnsíða, kapittel 28, som seier om retten til *læknisfé* (det vil seie betaling for å pleie ein sára) at denne summen skal vere etter forstandige menns råd «sem logbok skyrer» («som lovboka seier»)²⁶ Men dette kan ikkje vise til Járnsíða, for *læknisfé* er nemnt berre éin annan stad i lova, og der er det inga utgreiing om storleiken på betalinga. Her må det vere vist til ei eldre lov, som det er meininga at ein skal bruke saman med Járnsíða.²⁷ Noko liknande har vi i kapittel 37 i den same lova, der det er vist til ein regel om at to menn skal sverje og åtte skal sanne, som «mælt er i logum» («som det er sagt i lovene»),²⁸ og i kapittel 49, der det er snakk om *dulæiðar* (nektingseidar) og skuldingar som det ikkje finst lovlege vitne til, der ein framleis kan sverje eid «sem logbøkr vatta» («som lovbøkene seier»)²⁹ Dette må også vere tilvisingar til andre lovbøker enn Járnsíða, og viser at denne lova har vore meint å brukast saman med eldre lover.³⁰

Også i tilfelle der ein lovregel synest å vere praktisert i eldre lover, deretter fell ut, men kjem inn att, til dømes som rettarbot, kan det vere grunn til å spørje om lovregelen i det heile har vore ute. Landslova brukar mindre plass på lovreglar som gjeld rettar og plikter for kvinner enn landskapslovene. Ein grunn kan vere at ein lovregel som galdt kvinner, var sett som forelda på det tidspunktet Landslova vart ført i pennen. Ein annan grunn kan vere at det var sett som unødvendig å ta med lovregelen sidan ein gjekk ut frå at gammal lov galdt. Kvinnene sin rett til å *skilja víg* kan til dømes vere ein lovregel av den første typen. At fire kvinner, kona til ein mann, mor, syster eller dotter, skulle *skilja víg* om dei frå husa der dei hadde tilhald, eller om dei hadde vore i følgje med han på reise, hadde vore vitne til at han

26. NgL I: 269.

27. Járnsíða var opphavleg skriven som ei norsk lov, men omarbeidd for islandske forhold (sjå Mundal 2020a: 76–79 med tilvisingar). Derfor kan ein ikkje vere sikker på om den lovboka det er vist til her, er norsk eller islandsk. På Island har vi sett i Lögrétuþáttur at det var eit prinsipp at gammal lov var gjeldande lov så lenge ho ikkje var i konflikt med ny lov. I norske tekstar er dette ikkje klart formulert. Men at dette finst i Járnsíða, som både var skriven i Noreg og deretter omskriven for islandske forhold i Noreg, tyder på at islendingar og nordmenn hadde dei same oppfatningane på dette området.

28. NgL I: 272.

29. NgL I: 276.

30. Jørn Øyrehagen Sunde (Sunde, under utgjeving) drøfter tilvisinga til lovbøker av typen «sem logbók vátar» i tida etter at Landslova var vedteken, og viser at det store fleirtalet kan identifiserast som tilvisingar til Landslova, altså til den sist vedtekte lova. For å kaste lys over dei problemstillingane som er reiste i denne artikkelen, ville det vere nyttig å sjå nærmare på det fåtalet av tilvisingar til lovbok eller lov som ikkje klart lét seg identifisere som tilvisingar til Landslova. Spørsmålet er om ein her kan finne tilvisingar til lovreglar som har stått i eldre lover, eventuelt til sedvane.

vart drepen, er ein regel som ikkje har fått plass i Landslova. Å *skilja víg* var ei viktig oppgåve. Desse kvinnene var meir enn vanlege vitne, dei gjorde greie for detaljar kring drapet og la dermed premisser for domen. Kvinnene sin rett og plikt til å *skilja víg* finst berre i Eldre Gulatingslov,³¹ og ikkje i alle handskrifter, og det kan tenkjast at når dette ikkje er nemnt i Landslova, så er det fordi det har vore meininga at denne rettsregelen skulle gå ut. Kanskje har vi her ein regel som kom i konflikt med nyare tankar om habilitet.³²

Men det finst eit anna felt innanfor rettsvesenet der kvinner heilt klart spelte ei rolle i landskapslovene, men synest å falle ut i Landslova. Dei kunne, truleg på lik line med menn, vere vitne. Landslova nemner ikkje kvinner som vitne, men kjøpebolken, kapittel 12, slår berre fast at det er allmenn vitneplikt.³³ I ei rettarbot frå 1313³⁴ vert det slege fast som eit hovudprinsipp at kvinne skal gjere nektingseid med kvinne og mann med mann.³⁵ Når Landslova ikkje nemner at kvinner kan vere vitne, så var grunnen truleg den at dette har vore så sjølv sagt at kongen og hans lovkunne menn har rekna med at her kunne ein berre følgje gammal praksis og eldre lov. Men bortfallet av lovreglar som sa at kvinner kunne vere vitne, har truleg ført til uvisse om kva som var rett lov på dette feltet, og derfor kom det ei klargjering i rettarbota frå 1313. Fråværet av reglar om kvinner som vitne i Landslova er eit sterkt indisium på at det var meir enn det som stod skrive i ei lovbok som var gjeldande lov.

At gamle lovreglar vert kopiert inn i nye avskrifter av den same lova sjølv om dei kanskje er forelda eller oppheva, og at lover vert kopierte lenge etter at dei er erstatta av ei ny lov, kan tyde på at gammal lov har interesse fordi det kan finnast noko i dei som gjev bakgrunn eller tolkingsgrunnlag for ny lov. I hovudhandskriftet til Eldre Gulatingslov, som er frå ca. 1250, finst framleis regelen om at dersom ein mann slo kona si tre gonger offentleg, så hadde ho skilsmissegrunn.³⁶ På det tidspunktet dette handskriftet vart skrive, var dette ganske sikkert ein forelda regel. Kanonisk rett hadde fått så sterkt gjennomslag i norsk rett midt på 1200-talet at det beste kvinna kunne rekne med, var at biskopen tillét at ho vart separert frå den valdelege ektemannen, og at ho fekk ut godset sitt. Men lovregelen kunne likevel vere nyttig å ha med for å gje menn ei klar melding om at vald mot kona var eit alvorleg brotsverk. Det er ganske truleg at nokre lovreglar som ikkje lenger var gyldige, vart kopierte inn i nye avskrifter av lova ikkje berre fordi skrivarane mangla lovkunnskap, men fordi dei meinte at det fanst detaljar i dei gamle lovreglane som det kunne vere nyttige å ha i lovboka.

Når gamle lover vart kopierte lenge etter at ei ny lov var innført, så kan ein grunn til det vere at den gamle lovteksten ikkje berre kunne vere nyttig, men rett ut nødvendig å ha. Det siste ville vere tilfelle om gamle lover inneheldt lovreglar som framleis stod ved lag, og som

31. NgL IV: 7.

32. Johanne Fjesme Nakrem (2020: 340), som drøfter korleis *Hænsa-Póris saga* stiller seg til den norske retten som kom med *Jónsbók*, nemner at sjølvdøme (ein dom som vart felt av den fornærma parten) som ikkje er nemnt i *Jónsbók*, kanskje enno var praktisert fordi denne måten å avgjere saker på ikkje er forboden i *Jónsbók*. Det kan nok finnast ein del døme på at gammal rett, som ikkje var oppheva og ikkje var i klar konflikt med formuleringa i ny lov, kom i ein slags gråsoner der folk ikkje heilt visste om den eldre lova galdt eller ikkje. Truleg var sjølvdøme, akkurat som kvinner som skulle *skilja víg*, på den tida Landslova – og *Jónsbók* – vart til, ein forelda regel som var i strid med rettsoppfatninga i samtida, i alle fall med rettsoppfatninga til kongen og krinsen rundt han.

33. NgL II: 157.

34. NgL III: 98–105. Eit utførlegare oversyn over kvinner som vitne finst i Mundal 2020b: 218–222. Her vert det også argumentert for at hovudprinsippet i rettarbota frå 1313, at kvinne gjorde nektingseid med kvinne og mann med mann, også galdt i eldre norske lover.

35. Den som gjorde nektingseid med nokon, gjorde eid på at den som nekta for å ha gjort eit brotsverk, talte sant. Denne type vitne kallast ofte karaktervitne, og trong ikkje vere vitne til noko personen sjølv hadde sett eller høyrte.

36. NgL I: 29.

ikkje stod i den nye lova. Men den antikvariske interessa for gammal lov, og det synet at gammal lov kunne vere nyttig fordi denne representerte ein bakgrunn for ny lov, kunne gli over i kvarandre. Dei gamle lovene inneheldt eit arsenal av lovkunnskap som kunne kome til nytte. Når situasjonen kravde det, eller høvet baud seg, så kunne ein også gå tilbake til gamle lover, som tilfellet var då gammal kristenrett vart innført ved ei rettarbot i 1290 under styringstida til kong Eirik Magnusson.³⁷

Det er også eit faktum at lover i mange tilfelle er overleverte i handskrifter som inneheld fleire lover. Dette er så vanleg at det snarare er hovudregelen enn unntaket. Her kan vi igjen ha ei overlapping mellom antikvariske interesser og eit ønske om, eller behov for, å sjå lover i samanheng.

Som Lögréttupátrr gav eit klart bilete av, så kunne det oppstå diskusjon om kva som var rett lov. Slik diskusjon oppstod ikkje berre fordi folk var usikre på kva lova sa. Diskusjon kunne også oppstå fordi folk var usamde i lovreglane som kom med nye lover, dei kunne ynskje å få den nye lova ut eller kanskje til og med få gammal lov inn att. Om vi ser på Landslova, *Kong Magnus Hákonsson Lagabøtes landslov*, som inneheld eit fullstendig variant-apparat, så ser vi klare døme på dette. Hemnretten, som eigentleg er teken bort i Landslova, til dømes den retten ein mann som overraska ein elsker saman med kona, dottera, systera, mora og endå nokre andre kvinner i ætta, hadde hatt etter eldre lover til å drepe elskaren på flekken, var truleg ei ny lov som mange var usamde i. Vi ser i noteapparatet under Landslova (utgåva til Rindal & Spørck) at gammal lov kjem inn att i fleire lovhandskrifter.³⁸ I Landslova har vi også døme på at lovreglar som må ha stått i den opphavlege teksten slik han vart vedteken, er tekne ut i mange av dei seinare lovhandskriftene. Dette gjeld regelen i Landslova V-2 som sa at kvinner som hadde motteke arv, hadde rett til å gifte seg sjølv.³⁹ Dette har truleg vore ein svært lite populær regel mellom mange giftingsmenn som ville bruke dei gifteferdige kvinnene i ætta til å knyte alliansar med andre ætter.⁴⁰

Det er i seg sjølv eit interessant spørsmål kven som meinte dei hadde autoritet til å gjere slike endringar i handskrifter av Landslova. Men kanskje var terskelen for å gjere endringar lågare enn vi gjerne trur, fordi det til ei viss grad er opna for dette i sjølv lova. At ordlyden eller innhaldet i ein lovregel i ei lov ikkje alltid var absolutt bindande, ser vi av formuleringa i Lögréttupátrr som sa at det skulle vere lov som var «klokare». I tingfarebolken i den norske Landslova, I-4, finst det reglar som minner om nokre av reglane i den islandske Lögréttupátrr. Når lovteksten ikkje inneheld reglar som kan brukast, då skal lova vere det som lagmannen og lagrettemennene vert samde om, om ikkje kongen, med råd frå dei mest forstandige mennene meiner noko anna. Opninga for at sunn fornuft og god forstand kunne sidestilla med skriftleg lov, kunne også gje heimel til å gripe tilbake til gammal lov, særleg der gammal lov ikkje var i konflikt med ny lov, og kunne kanskje også gje ryggdekning til å stille seg kritisk til lovreglar i gjeldande lover.

Konklusjon

Til saman vil detaljar i norsk lov av den typen som er nemnde ovanfor, og den nære kontakten og kulturfellesskapet med Island, som hadde lovtekstar med klare formuleringar om at i nokre tilfelle kunne gammal lov framleis gjelde, gje sterke indikasjonar på at også i Noreg var gjeldande lov noko meir enn formuleringane i den sist vedtekne lova. Lova vart tolka i

37. NgL III: 17–18.

38. *Kong Magnus Hákonsson Lagabøtes landslov*, bd. I: 337.

39. NgL II: 75; *Kong Magnus Hákonsson Lagabøtes landslov*, bd. I: 440.

40. Utførlegare om dette i Mundal, under utgjeving.

ein rettstradisjon der eldre lover og sedvane, både når det galdt kva som var oppfatta som rett og rangt, og prosedyrar og rettsprosessar, framleis spelte ei rolle. At dette var situasjonen i munnleg tid, er ganske logisk og innlysende. Dei islandske kjeldene viser at etter nedskrivninga av lovene ville gammal lov som ikkje var i konflikt med ny lov, framleis vere rett lov. Meir systematisk forskning på lovene må gjerast før vi har eit klarare bilete, men etter mitt syn har vi sterke indikasjonar på at også lovene frå den fasen då vedtak av nye lovreglar vart erstatta av vedtak av nye lover, står i den same tradisjonen, dei verkar saman med gammal lov så lenge ny og gammal lov ikkje var i konflikt med kvarandre, eller gammal lov var oppheva eller utdatert. Dette gjeld Noreg så vel som Island. Dette var ikkje eit heilt enkelt system, og som kjeldene viser, oppstod det også uklare situasjonar, usemje og strid om kva som var rett lov.

Artikkelen er skriven i samband med prosjektet «Social Governance Through Legislation» ved Senter for grunnforskning / Centre for Advanced Study (CAS) haust 2021 og vår 2022.

Litteratur

- Grágás Ia og b = Grágás. Konungsbók.* (1974). Odense: Odense Universitetsforlag. (Gjenopprett av Vilhjálmur Finsens utgåve frå 1852.)
- Grágás II = Grágás. Staðarhólsbók.* (1974). Odense: Odense Universitetsforlag. (Gjenopprett av Vilhjálmur Finsens utgåve frå 1879.)
- Grágás III = Grágás. Skálholtsbók M.M.* (1974). Odense: Odense Universitetsforlag. (Gjenopprett av Vilhjálmur Finsens utgåve frå 1883.)
- Hagland, J.R. (1986). *Riksstyring og Språknorm. Kongskanselliets rolle i norsk språkhistorie på 1200- og første halvdel av 1300 talet.* Oslo: Novus.
- Íslendingabók.* (1968). I J. Benediktsson (red.), *Íslendingabók, Landnámabók* (Íslenzk fornrit 1, fyrri hluti). Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.
- Jónsbók. Kong Magnus Hákonssons lovbok for Island.* (1970). Odense: Odense Universitetsforlag. (Gjenopprett av Ólafur Halldórsson's utgåve frå 1904.)
- Kong Magnus Hákonsson Lagabøtes landslov. Norrøn tekst med fullstendig variantapparat.* (2018). (2 bd.; M. Rindal & B.D. Spørck, red.). Oslo: Arkivverket.
- Mundal, E. (under utgjeving). Kvinner som ikkje trong lyde giftingsmannen, og kvinner ute av kontroll. I E. Mundal, E. Opsahl, J.Ø. Sunde & M.J. Tveit (red.), *Landslova av 1274 – Rett, politikk og samfunn i Noreg i høg- og seinmellomalderen.* Oslo: Dreyer.
- Mundal, E. (2020a). I kva grad kan forholdet til Island ha påverka den norske lovgjevinga som fører fram til landslova av 1274? I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgiving i middelalderen. Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov* (s. 67–98). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Mundal, E. (2020b). Kva hadde kvinnene på tinget å gjere? Kvinneroller på tinget etter norske landskapslover og Landslova. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgiving i middelalderen. Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov* (s. 212–251). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Nakrem, J.F. (2020). Høse-Tores oppgjør med ny rett. En juridisk lesning av Hoensa-Þóris saga. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og Lovgivning i middelalderen. Nye Studier av Magnus Lagabøtes landslov* (s. 312–344). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- NgL I = *Norges gamle Love indtil 1387*, bd. 1. (1846). (R. Keyser og P.A. Munch, red.). Christiania: Chr. Gröndahl.
- NgL II = *Norges gamle Love indtil 1387*, bd. 2. (1848). (R. Keyser og P.A. Munch, red.). Christiania: Chr. Gröndahl.

- NgL III = *Norges gamle Love indtil 1387*, bd. 3. (1849). (R. Keyser og P.A. Munch, red.). Christiania: Chr. Grøndahl.
- NgL IV = *Norges gamle Love indtil 1387*, bd. 4. (1885). (G. Storm, red.). Christiania: Grøndahl & Søn.
- Rindal, M., & Spørck, B.D. (2018). Handskriftene av Magnus Lagabøtes landslov i norrøn språkform og i omsetjing til dansk, med og utan tekstkritisk verdi. I M. Rindal & B.D. Spørck (red.), *Kong Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov. Norrøn tekst med fullstendig variantapparar*, bd. 1 (s. 18–54). Oslo: Arkivverket.
- Sunde, J.Ø. (under utgjeving). Sem logbok vattar. Landslova av 1274 som riksdekkjande og faktisk nytta lovbok. I E. Mundal, E. Opsahl, J.Ø. Sunde & M.J. Tveit (red.), *Landslova av 1274 – Rett, politikk og samfunn i Noreg i høg- og seinmellomalderen*. Oslo: Dreyer.